

Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket, Giske kommune, Møre og Romsdal

Kap.1. Generelle forhold

§1-1. Generelt verkeområde

Forskrifta omfattar forhold der kommunen er utøver myndigheita etter føresegn gitt i forureiningsforskrifta kapittel 1, 2, 12, 13, 15 og 15A.

Forskrifta omfattar gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med

1. opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid
2. utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande
3. utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettgrender.
4. utslepp/påslepp av oljehaldig vatn
5. påslepp av feithaldig vann
6. fjerning av nedgravne oljetankar

§1-2. Kva gebyra dekkjer

Gebyra etter denne forskrifta skal dekkje dei kostnadane kommunen har med saksbehandling, kontroll og tilsyn på dei områda forskrifta omfattar, medrekna løypande dokument- og systemkontroll og stadlege tilsyn etter vurdering av behov.

Gebyr skal ikkje overstige kommunens kostnadar ved saksbehandling eller tilsyns- og kontrollordningar.

Gebrysatsar etter denne forskrifta inngår i gebyrregulativet og blir vedtatt av kommunestyret.

§1-3. Innkrevjing

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg jf. forureiningslova § 52 og tvangsfyllbyrdelseslova kap.7. Kommunen kan i særlege tilfelle leggja bort krav om gebyr.

§1-4. Klage

Om det blir fatta enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta kan dei bli påklaga etter reglene i forvaltningslova. Klagen blir behandla av kommunen si klagenemnd. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga. Klager som står fram som prinsippsaker, blir behandla av kommunestyret.

Vedtak om storleiken på gebyra reknast som forskrift og kan derfor ikkje bli påklaga.

Kap.2. Gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

§2-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunens saksbehandling og tilsyn med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid.

§2-2. Gebyr for saksbehandling/tilsyn

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Gebyret kan differensierast etter areal.

Gebyret belastast tiltakshavar.

Kap. 3. Gebyr for saksbehandling og oppfølging/kontroll/tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn

§ 3-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunens saksbehandling og kontroll av utslepp av sanitært avløpsvatn fra bustadhus, hytter og liknande jf. forureiningsforskrifta kapittel 12.

§3-2. Saksbehandlingsgebyr for behandling av søknad

- søknad om utsleppsløyve
- søknad om endring av utsleppsløyve

Gebyret belastast tiltakshavar.

§3-3. Årsgebyr for oppfølging/kontroll/tilsyn av utslepp

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll/tilsyn av eksisterande avløpsanlegg
Gebyr belastast eigar av avløpsanlegg.

Kap. 4. Gebyr for saksbehandling og oppfølging/kontroll/tilsyn med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre grender

§ 4-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunens saksbehandling og kontroll av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre grender.

§4-2. Saksbehandlingsgebyr for behandling av søknad

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved:

- søknad om utsleppsløyve
- søknad om endring av utsleppsløyve

Gebyret belastast tiltakshavar.

§4-3. Årsgebyr for oppfølging/ kontroll/ tilsyn av utslepp

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll/tilsyn av eksisterande avløpsanlegg.
Gebyr belastast eigar av avløpsanlegg.

Kap. 5. Gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslepp/påslepp av oljehaldig avløpsvatn

§ 5-1. Verkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunens saksbehandling og tilsyn/kontroll med utslepp/påslepp av oljehaldig avløpsvatn frå

- a) bensinstasjonar,
- b) vaskehaller for køyretøy,
- c) motorverksteder,
- d) bussterminalar,
- e) verkstader og klargjeringssentralar for køyretøy, anleggsmaskiner og skinnegåande materiell, og
- f) anlegg for understellsbehandling

som anten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknandej f. forureiningsforskrifta kapittel 15.

§ 5-2. Saksbehandlingsgebyr

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om løyve til utslepp/påslepp av oljehaldig avløpsvatn.

Gebyret belastast tiltakshavar.

§5-3. Årsgebyr for kontroll/tilsyn

Årsgebyr for kontroll/tilsyn belastast eigar av oljeutskiljar.

Kap. 6. Gebyr for kontroll/tilsyn av feithaldig avløpsvatn

§ 6-1. Verkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunens saksbehandling av og tilsyn/kontroll med påslepp av feithaldig avløpsvatn frå verksemnd.

§6-2. Årsgebyr for kontroll/tilsyn

Årsgebyr for kontroll/tilsyn belastast eigar av feittutskiljar.

Kap. 7. Gebyr for tiltak eller fjerning av nedgravne oljetankar

§ 7-1. Verkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunens saksbehandling av og tilsyn/kontroll med fjerning av nedgravne oljetankar.

Kap.8. Ikraftsetjing

§8-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.